

Nok.

Sogn og
Fjordane

Kompetansesenter
mot **seksuelle** overgrep

Ingen skal bli utsett for seksuelle overgrep


Årsmelding
2023





Innhald

Innleiing	4
Vi takkar	6
Helsing frå Nok. Norge – Tilbakeblikk på 2023	8
Organisasjon	10
Økonomi	12
Tilsette	13
Tilbod & tilrettelegging	13
Brukarmedverknad	18
Lokale	18
Kompetanse	19
Informasjonsarbeid	20
Samarbeid	22
Revisjonserklæring og årsregnskap	25



Innleiing

Nok. Sogn og Fjordane er eit tverrfagleg lågterskeltilbod med høg kompetanse. Tilbodet vårt er gratis og inneber blant anna eine-samtalar, gruppesamtalar og juridisk rådgjeving til utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande.

Vi er og ein fagressurs som tilbyr støtte og rettleiing til fagpersonar i til dømes einskild-saker. Vi tilbyr og undervisning og føredrag til fagpersonar, utdanningsinstitusjonar og organisasjonar. Samstundes jobbar vi med førebyggjande arbeid i våre tilhøyrande kom-munar.

Seksuelle overgrep og viktig-heita av å fremje god seksuell helse frå barndommen av

I skuggane av tabu og taushet ligg ei rå realitet som altfor mange opplever – sek-suelle overgrep. Konsekvensane av slike traumatiske hendingar strekker seg langt utover augneblinken, dei skjer og rører både dei som er utsett og dei rundt på eit djupare plan. Openheit rundt dette sårbare temaet er avgjerande for å bryte ned barrierane som bidreg til å oppretthalde denne skuggen.

Konsekvensane av seksuelle overgrep er mangfaldige og vedvarande. Dei utsette kan oppleve psykiske, fysiske og sosiale utfordringar gjennom heile livet. Trauma kan påverke individet si evne til å etablere sunne relasjonar, handtere stress og oppnå ei tilfredsstillande seksuell helse. Det er difor

viktig å understreke at open kommunikasjon om seksuelle overgrep er ein viktig del av helingsprosessen.

Det viktigaste arbeidet til Nok. Sogn og Fjordane vil alltid vere å drifte eit godt senter med god kvalitet på tilboda våre. For bruk-arane av senteret er det å fortelje si historie og å bearbeide vonde opplevingar gjerne det viktigaste når dei søker hjelp. I 2023 har vi hatt den største pågangen av brukarar enn noko år tidlegare.

Vi har hatt 71 heilt nye brukarar, og over 900 samtalar med utsette og pårørande.

Ei uroleg trend som har vokse i vår digi-taliserte tidsalder er auka rundt skadeleg seksuell åtferd (SSA). Lett tilgjengeleg por-nografi på internett har blitt ein uunngåeleg del av barn og unges digitale opplevingar. Dette har skapt eit samfunnsklima der unge menneske kan bli utsett for upassande innhald som normaliserer skadeleg seksuell åtferd. Det er nødvendig å forstå saman-hengen mellom tidleg eksponering for slikt materiale og utviklinga av skadeleg åtferd seinare i livet. Vi her i Sogn og Fjordane er ikkje noko unntak, diverre ser vi at sakar som omhandlar skadeleg seksuell åtferd har auka markant dei siste åra. SSA er skadeleg både for barnet som vert utsett og for barnet som utfører handlingane, og det krev omgåande

reaksjon og handling frå vaksne. Vi ser og ei auke i sakar der ungdommar vert utsett og utset seg sjølv for grenseoverskridande sek-suell åtferd og handlingar.

Å integrere seksuell helseopplæring frå tidleg alder blir difor essensielt. Barn og unge må rustast med kunnskap om grensesetting, respekt og betydinga av samtykke. Dette vil ikkje berre bidra til å førebygge seksuelle overgrep, men og hjelpe unge menneske til å utvikle sunne haldningar og forståing av eigen kropp.

Vi vert nøydt til å handtere påverknaden av pornografi. Ved å erkjenne at born og unge i dag blir eksponerte for denne typen mate-riale, må vi tilby dei rettleiing om kritisk tenking og realistisk forståing av seksualitet. Det er viktig å lære barn og unge at porno IKKJE gir eit realistisk bilete av sunn, trygg og god seksuell åtferd.

Kunnskap og informasjon retta mot barn og unge er den beste måten å førebyggje på, difor ser vi på vårt førebyggjande arbeidet som noko av det viktigaste vi kan bidra med. Sjå side 15–16 for å lese meir om det førebyg-gjande arbeidet til senteret.

I 2023 har vi nådd ut til ca 1400 grunnskuleelevar, vi har nådd ut til 18 barnehagar med «Hjertesamling», og vi har snakka med russen på 9 av dei 11 vidare-gåande skulane i Sogn og Fjordane.

Samfunnet må òg investere i ressursar for å støtte dei som vert utsett for seksuelle over-grep. Dette inkluderer tilgang til psykologisk

støtte, juridisk bistand, lågterskeltilbod som Nok. sentera og heilskapleg omsorg. Å skape eit støttande miljø der dei utsette kjenner seg trygg nok til å dele sine opplevingar, er ein avgjerande del av helingsprosessen.

Seksuelle overgrep er ei grufull realitet som påverkar samfunnet djupt. Å ta opp dette vanskelege emnet, fremje god seksuell helse og gje born og unge rett opplæring, er viktige steg mot å skape eit samfunn der alle har rett til ei trygg og respektfull seksuell oppleving. Ved å avvæpne tabu og arbeide aktivt for å førebygge, kan vi håpe på ein framtid der ingen treng å leve i skuggen av overgrep.

#nullvisjon

Vi held fram med å jobbe for ein nullvisjon mot seksuelle overgrep, dette arbeidet har og vore langt framme i 2023. Vi kan vel sei at alt arbeid vi gjer på senteret handlar om å kome eit steg nærare ein nullvisjon. #nullovergrep er initiert av Nok. Norge. Saman med ei rekke organisasjonar har vi skreve eit opprop der vi krev ein nasjonal nullvisjon for seksuelle overgrep. Du kan lese meir om dette her; <https://nullovergrep.no/>

- 1 av 3 kvinner og 1 av 10 menn i Norge er utsett for seksuelle overgrep. 1 av 10 kvinner har vore utsett for valdtekt.
- Omfangstalla for overgrep har ikkje endra seg dei siste 30 åra. Dei som er unge i dag har minst like stor risiko for å bli utsett for seksuelle overgrep som dei som vaks opp på 50-talet. Det betyr at vi må gjere meir.
- Personar som er utsett for eit overgrep, har større sjanse til å bli utsett for nye overgrep enn andre.

Saman jobbar vi for ei betre framtid for den som har blitt utsett, og for å hindre at nye overgrep skjer.

Vi takkar

Vi vil nytte høve til å takke våre samarbeidskommunar, fylkeskommunen, Helse Vest og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet for stønad.

Vi vil takke RVTS Vest (Regionalt ressurs-senter om vold, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging) for rettleiing og kvalitetssikring av arbeidet vårt. Ein spesiell takk til Sanne Bach som er vår kontaktperson i RVTS Vest, med faste samarbeidsmøter og struktur er ho ein stor pådrivar for at vi tre sentera i Vest kan utvikle oss fagleg og få meir likskap i tilboda våre og eit større fellesskap.

Takk til KS Vestland, for hjelp til å sette arbeidet Nok. gjer på dagsorden i kommunane. Vi må rette ei spesiell takk til to framifrå damer som vi har hatt eit godt samarbeid med i mange år, sexolog Kjellaug Fredly og advokat Lene Knapstad. Kjellaug Fredly har gitt seg som sexologisk rådgjvar i Helse Førde, og Lene Knapstad har byrja i ny jobb på Lotteritilsynet. Samstundes vil vi ønske advokat Bente Hermansen velkomen som ny samarbeidspart, ho vil framover gje gratis juridisk rådgjeving til brukarane av senteret.

Vi takkar Univerket for utforming og alltid kjapp og god service på utforming av både Årsrapport og anna materiell.

Ei stor takk til Ingvild Hestad Torkelsen og Sissel Ringstad i Nok. Norge for den eineståande jobben dei gjer for sentera.

Takk til Nok. Sogn og Fjordane sitt engasjerte styre. Ein spesiell takk går og til brukarrepresentanten vår som gjer ein framifrå jobb for senteret og for brukarane ved senteret.

Dei tilsette på Nok. Sogn og Fjordane held fram med å imponere meg. Hausten 2023 fekk vi gleda av å få tilsett Trond Høvik, som har jobba i mange år på senteret i Bergen. Han vil blant anna jobbe med å sette fokus på «Trygg på trening» i Sogn og Fjordane. Alle dei tilsette har jobba med hovud og hjarte, og stått på seint og tidleg for å gjere ein forskjell. Ein forskjell som handlar om å hjelpe endå fleire utsette og til å gå vidare på vegen for å oppnå visjonen vår; *Ingen skal bli utsett for seksuelle overgrep.*

Sist, men ikkje minst – takk til brukare ved senteret som har arbeida målbevisst for å få eit betre liv.



CHATRINE ELHOLM
Dagleg leiar



Nok. Norge

Nok. Sogn og Fjordane er medlem av paraplyorganisasjonen Nok. Norge.

Paraplyorganisasjonen til Nok.-sentera jobbar for at personar som har vore utsett for seksuelle overgrep og deira pårørande skal få eit likeverdig tilbod uansett kven dei er og kvar i landet dei bur. Paraplyen jobbar vidare for at ingen skal bli utsett for seksuelle overgrep og for at barn, unge og vaksne skal ha god kunnskap om seksualitet og vald. Gjennom paraplyen er vi med å sette dagsorden gjennom å delta i samfunnsdebatten, svare på høyringar, gje politiske innspel og delta i utval og referansegrupper.

HELSING FRÅ NOK. NORGE – Tilbakeblikk på 2023

Samarbeid og synlighet

For å styrke sentrene og samfunnets innsats mot seksuelle overgrep har Nok. Norge i 2023 arbeidet med samarbeid og synlighet.

Vi har blitt en del av Nasjonalt nettverk for seksuell og reproduktiv helse og rettigheter (SRHR-nettverket) og med i deres kjernegruppe. Nettverket organiserer aktører som jobber med seksuell helse. Vi har blitt medlem av Rådet for psykisk helse, en paraplyorganisasjon som blant annet jobber for bedre tilgjengelighet av hjelpetjenester og forebygging. I tillegg har vi blitt medlemmer av Rød Knapp-alliansen, som setter fokus på vold mot kvinner.

I mai 2023 fikk organisasjonen på plass en kommunikasjonsrådgiver i fulltidsstilling, noe som skal styrke arbeidet med synlighet ytterligere.

Politisk arbeid

Nok. Norge har publisert en bredere politisk plattform, som beskriver de sakene som vi mener må prioriteres for å sikre forebygging av overgrep, og styrke hjelpetilbudet.

Finansieringsordningen av sentrene har fortsatt vært en viktig sak for Nok. Norge i 2023, samtidig som vi har sett på nye måter

å styrke sentrene på. Dette har vi blant annet gjort gjennom å foreslå støtteordninger for å opprette satellittkontor og utvikle den barnefaglige kompetansen. Innspillene ble gitt til statssekretær Fagervik i forbindelse med ny opptrappingsplan om vold og overgrep mot barn og unge og vold i nære relasjoner og sendt inn til voldtektsutvalget sitt arbeid med ny NOU.

Nok. har levert høringsinnspill til "NOU 22: 21. Strafferettslig vern av den seksuelle selvbestemmelsesretten — Forslag til reform av straffeloven kapittel 26" og regjeringens arbeid med melding til Stortinget om seksuell trakassering.

Nok. har vært en del av referansegruppen til det regjeringsoppnevnte Voldtektsutvalget. Utvalget sitt mandat er å styrke arbeidet for å forebygge og bekjempe voldtekt og bidra til at utsatte får et tilpasset og helhetlig tilbud om bistand og oppfølging. Det har vært avholdt tre møter med referansegruppen, og Nok. har i tillegg sendt inn tre høringsinnspill i prosessen.

Nyttige nettverk

Nok. Norge arrangerer årlig fire ledernetttverk for sentrenes daglige ledere. Nettverket er en viktig arena for faglig utveksling og forankring av felles prosjekter.



Illustrasjonsfoto

I 2023 har ledernetttverket hatt en rekke aktuelle problemstillinger oppe til diskusjon, blant annet samhandling med kommunene, sentrenes organisering for å sikre mer likeverdige tilbud og rammer for tilbudet til barn. Det har vært faglig påfyll av blant annet Hanne Siri Austgulen (RVTS Vest), Lars Roar Frøyland (Oslo Met) og Tone Bjørnson Aanderaa (Helsestasjon for kjønn og seksualitet – HKS). Vi har også begynt på arbeidet med en felles løsning for dokumentasjonssystem for sentrene, etter modell fra Nok. Bergen.

I juni dro ledernetttverket til Epsom i England og besøkte Lucy Faithfull Foundation. Målet var å lære om hvordan de driver sitt forebyggende hjelpeprogram for overgripere. Sentrene kan møte problemstillingen hos brukere med dobbel erfaring, og det var lærerikt å få perspektiver fra noen som har jobbet med dette i mange år.

Faglig premissleverandør

Landskonferansen 2023 ble arrangert over tre dager i Stavanger sammen med Nok. Sør-Vest, og ble besøkt av 267 deltakere. Konferansen hadde tema Nyanser av seksuell helse, med et bredt spekter av foredragsholdere, som belyste blant annet forebygging, traumer og helper-rollen.



Oslo, 31.01.2024

INGVILD HESTAD TORKELSEN
Daglig leder,
Nok. Norge

Finansieringsordningen av sentrene har fortsatt vært en viktig sak for Nok. Norge i 2023, samtidig som vi har sett på nye måter å styrke sentrene på.

Organisasjon

Formål og virkefelt

Nok. Sogn og Fjordane har som formål og gje hjelp til sjølvhjelp for menneske utsett for seksuelle overgrep og deira pårørande.

Nok. skal kjempe mot og førebygge seksuelle overgrep ved å synleggjere og motarbeide forhold i samfunnet som legitimerer, underbygger og opprettheld overgrep.

Nok. skal arbeide for å spreie kunnskap om seksuelle overgrep og overgrepsette sin situasjon ved informasjon og kunnskapsformidling.

Nok. skal vere eit lågterskeltilbod utan krav til tilvising.

Nok. skal samarbeide med offentlege hjelpeapparat og andre aktørar som arbeider med overgrepssproblematikken.

Nok. skal i sitt arbeid vere partipolitisk nøytrale og ikkje vere tilknytt bestemte organisasjonar eller trussamfunn.

Organisasjonsform

Senteret vart stifta i 2012. Nok. Sogn og Fjordane er ei privat stifting som drivast med offentlege midlar. Nok. Sogn og Fjordane har eit styre samansett av fem personar, der ein er oppnemnd av Sunnfjord kommune, ein er oppnemnd av Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon (KS), ein er oppnemnd av styret og skal ha særleg fagkunnskap, ein er oppnemnd av brukarane og ein av dei tilsette.

Styret har vore samansett slik i 2023;

- Leiar: Kurt Even Andersen (Kommunalsjef for helse og sosial, Sunnfjord kommune)
- Styremedlem: Trude Merete Lundekvam (Tilsette representant)
- Styremedlem: Gro Anita Solheim (Brukarrepresentant)
- Styremedlem: Inge Nordhaug (Særleg fagkompetanse, RVTS Vest)
- Styremedlem: Frode Kyrkjebø (Dagleg leiar KS Vestland)
- Dagleg leiar Chatrine Elholm, er sekretær for styret, utan stemmerett.

Stiftinga er underlagt kontroll av Stiftelsestilsynet.

Eksterne medlemmar av styret får møtegodtgjersle på kr 1500 pr. møte, styreleiar får eit tillegg på kr 900 pr. møte.

Vertskommune



Sunnfjord kommune er senteret sin vertskommune og har eit særleg ansvar for senteret si drift. Kommunen har gjort det kjend for senteret at den kan bidra i krevjande og vanskelege saker. Senteret har ikkje hatt behov for eller bedt om slik bistand i 2023.



Samarbeidskommunar i 2023



Økonomi

Finansiering

Nok-sentera opererer med ein finansieringsmodell der inntil 80 % av driftsmidlane er statstilskot medan 20 % er lokale tilskot frå kommunar, helseføretak og fylkeskommune. I 2023 fekk vi stønad frå 17 kommunar i Vestland fylke. Det er alle kommunane som tilhøyrar vår region i tidlegare Sogn og Fjordane.

I tillegg fekk vi tilskot frå Vestland Fylkeskommune og Helse Vest.




Tilskota til drift fordelte seg slik i 2023:

	2023	2022
Samarbeidskommunar	701 199	662 603
Vestland fylkeskommune	162 831	154 050
Helse Vest	110 000	110 000
Statstilskot	3 895 640	3 706 603
Totale inntekter:	4 869 670	4 633 256

At alle kommunane støttar senteret tek vi som ei stadfesting på at kommunane ser på Nok. som eit rimeleg og viktig tilskot til tenestetilbodet i fylket. Det er eit tilbod som gjev kommunane tilgang til spisskompetanse og lågterskeltilbod innanfor eit utfordrande felt.

Revisjon er gjennomført av BDO AS



Tilsette

I 2023 har vi vore 4 faste stillingar i 100% heile året.

Hausten 2023 fekk vi Trond Høvik som har jobba i mange år på Nok. Bergen med på laget, også han i 100% stilling. Trond jobbar blant anna med å spreie kunnskap om «Trygg på trening» i vår region. Pr i dag har vi altså 5 faste stillingar i 100%.

Av dei tilsette er 4 tilsette kvinner og 1 mann. Dei tilsette har alle utdanning og ulik erfaring og kunnskap for å kunne gje eit best mogleg

tilbod til brukarar og til samarbeidspartnarar. Dei tilsette vert lønna ut i frå Sunnfjord kommune sin lønnspolitiske plan.

Nok. Sogn og Fjordane har teikna ulykke/yrkesskade og reiseforsikring for dei tilsette hjå KLP Skadeforsikring. Vi har avtale om innskotspensjon for dei tilsette hos DNB Liv. Dei tilsette har gruppelivsforsikring hjå Frende forsikring.



Elin Nikoline Vie



Trude Merete Lundekvam



Siri Helene Haugland



Trond Høvik



Chatrine Elholm

Tilbod og tilrettelegging

Brukarar

Når ein person blir utsett for overgrep, råkar det heile familien. Nok. Sogn og Fjordane ønsker at alle som vert råka får den hjelpa dei treng når dei treng den. Senteret ønsker og å gje eit godt tilbod, uansett alder, kjønn, bakgrunn og bustad.

Nok. Sogn og Fjordane gjev og tilbod til brukarar under 18 år, men då i samarbeid med relevante instansar i kvart einskild tilfelle.

Som nemnt i innleiinga så hadde vi i 2023 det største talet nokon sinne på heilt nye brukarar som tok kontakt med senteret. Frå 2022 til 2023 er det ein auke på heilt nye brukarar på nesten 60%, dette er nok og forklaringa på at førespurnader på telefon/e-post frå brukargruppa er gått opp med 15% frå 2022 til 2023.

Førespurnader frå ulike samarbeidspartar ligg relativt likt, med ein liten nedgang på 3%, som vi vil karakterisere som normal variasjon. Kvifor vi har fått så stor auke i pågang frå heilt nye brukarar kan vi ikkje med sikkerheit sei. Vi har ein teori om at alt det utadretta arbeidet vi har, gjer til at fleire får kjennskap til oss og tilboda vi har.

I 2023 hadde vi 1797 førespurnader på telefon eller e-post, der 965 var frå brukargruppa og 832 frå ulike samarbeidspartar. 71 heilt nye brukarar tok kontakt i 2023.

Tilboda våre

Mange opplever å miste kjensla av tryggleik etter seksuelle overgrep. Ved å gripe tak i det som er vanskeleg, kan ein ta denne kjensla attende. Vi jobbar for ei betre framtid for dei som har blitt utsett, og for å hindre at nye overgrep skjer.

Seinverknadar etter seksuelle overgrep kan vere mange, som ulike psykiske problem, konsentrasjons- og lærevanskar, dårleg sjølvbilete, rusmisbruk, angst og depresjon. Det er normale reaksjonar på ei unormal hending. Hos oss er det plass til alle kjensler, tankar og reaksjonar - og til prosessar som kan ta litt tid.

Vi tør å spørje og vi toler å høyre.

Vi veit at folk er ulike og har ulike behov. Vi samarbeider med andre instansar for å gje eit best mogleg tilbod til alle som kjem hit, og er tilgjengeleg for samtalar med nettverket deira der det er ønskeleg.

Om ein treng tilrettelegging, tolk eller andre tilpassa tilbod så gjer vi det vi kan for å møte dei ulike behov. Alle tilsette har teieplikt.

Hjelp til sjølvhjelp

Det finst ressursar i alle menneske som kan aktiverast, erobrast på nytt og mobiliserast når vi møter utfordringar som gjer livet vanskeleg. Nokre gonger treng ein også rettleiing, fellesskap, støtte og reiskap for å mobilisera eigne ressursar til sjølvhjelp.

Alle tilboda våre er basert på prinsippet om hjelp til sjølvhjelp. Når ein tek kontakt med oss har ein allereie tatt dei første stega og starta å handsame utfordringane ein har i livet. Arbeidet med hjelp til sjølvhjelp tek utgangspunkt i kvar og ein sine ressursar og eiga forståing av situasjonen ein er i.

Digital sjølvhjelp

– Ei plattform til hjelp for deg

Vi har utarbeida ei digital sjølvhjelpsplattform. Her har vi samla ulike verktøy som ein kan nytte seg av i kvardagen, og som er meint som ei hjelp i eige sjølvhjelpsarbeid. Den digitale plattformen ligg på heimesida vår; [Hjelp til sjølvhjelp](#) (noksognogfjordane.no)

Einesamtalar

Samtalar mellom brukar og fagleg rettleiar kan haldast på senteret eller utanfor senteret. Alle brukarane startar kontakten med senteret med einesamtale. I den fyrste samtalen fortel vi litt om korleis vi jobbar og kva vi kan hjelpe til med. Ein bestemmer sjølv kor mykje ein vil fortelje. Å kome til samtale er heilt uforpliktande. Dette inneber at ein har moglegheit for vidare oppfølging, men at ein også kan avslutte når ein sjølv vil. Vår erfaring er at mange ønskjer hjelp til å handtere vanskelege og ofte motsetningsfylte kjensler som nedbrotten sjølvtilitt og sjølvbilete, skam og skuld, oppleving av å mislukkast i familielivet, saman med sagn og sorg over kva ein har mista.

I bearbeidande samtalar prøver vi å bidra til helingsprosess på fleire måtar:

- Gjere ferske minne om til hendingar i fortid
- Anerkjenne og gyldiggjere minne («det har skjedd»), slik at dei kan bleikne
- Hjelp til med å få ein samanhengande historie
- Hjelp den utsette til å forstå at ein er trygg, at overgrepa er over
- Hjelp med å forstå reaksjonane etter overgrep (normalisere)
- Gje nye perspektiv på seg sjølv, det som har skjedd og framtid

Vi har samtaleverktøyet KOR/FIT tilgjengeleg og kan nytte dette ved behov og ønske.

Bur ein langt unna kan vi avtale å ha samtalar på telefon.

Vi har gjennom året hatt 930 einesamtalar med utsette og pårørande.

Telefonkontakt, e-post og sms

Fleire ønsker å ha samtalar på telefon då dei geografiske forholda gjer at det ikkje er like lett å kome til senteret så ofte. Pågangen frå ulike samarbeidspartar og frå hjelpeapparatet i fylket held fram med å auke. Denne kontakten gjeld som oftast spørsmål om senteret og våre tilbod, informasjon om seksuelle overgrep, førespurnad om å halde undervisning/foredrag, og råd/støtte i vanskelege situasjonar/saker.

I 2023 har vi fått 266 e-postar og sms-ar frå brukarar, og vi har hatt 471 onesamtalar på telefon.

Nettverkssamtalar/pårørandesamtalar

Både brukarar, partnarar og pårørande kan få samtalar hos oss. Dersom ein ønsker å ha med andre på samtale, til dømes lege, psykolog, lærar, andre fagpersonar eller pårørande, kan vi avtale ein nettverksamtale/pårørandesamtale. Dette kan vere bra dersom ein treng at fagpersonar eller andre skal samarbeide med oss, eller at ein berre vil ha med seg nokon for å føle seg tryggare.

Som pårørande til personar utsett for seksuelle overgrep, kan ein ha mange spørsmål, erfaringar og kjensler som ein har behov for

å snakke om. Vi har kunnskap og erfaring til å hjelpe, anten ein er forelder, anna familiemedlem, partnar eller ven.

Samarbeid med hjelpeapparatet

Vi har eit tett samarbeid med hjelpeapparatet i heile fylket der vi deltek og bidreg i samband med fagdagar, kurs og andre samarbeidsforum. Samarbeid rundt den einskilde brukar med ulike offentlege tenester i hjelpeapparatet i fylket har auka mykje for oss dei siste åra. Vi ser berre positivt på denne auka og på samarbeidet med dei andre instansane, som gjev brukarane eit meir heilskapleg tilbod.

Juridisk rådgjeving

Nok. Sogn og Fjordane har inngått eit samarbeid med advokat Bente Hermansen. Ho gjev tilbod til brukarar ved senteret om juridisk bistand. Tilbodet er gratis.


Samtale med sexolog

Nok. Sogn og Fjordane hadde fram til sommaren 2023 eit samarbeid med sexolog Kjellaug Fredly. Seksualitet kan for mange som har opplevd overgrep by på utfordringar. Det kan vere vanskeleg å skilje eigen seksualitet frå overgrepa, fordi mange ikkje har ei oppleving av å eige sin eigen seksualitet. Ved å jobbe med temaet kan ein få eit bra, godt og sunt forhold til seg sjølv og eigen seksualitet.

Forebyggjande arbeid

Dette omhandlar undervisning/opplæringsarbeid, samarbeidsmøte, deltaking i ulike fora i det offentlege hjelpeapparatet, førelesing og liknande.

Dette er viktig for å arbeide forebyggjande og auke kompetansen rundt seksuelle overgrep. Vi har nokre faste opplegg som vi tilbyr ut i kommunane.



I 2023 har vi undervist 18 barnehagar og til saman 318 barnehagetilsette i Hjartesamling.

Til dei tilsette i barnehagane

Hjartesamling er ein metode utvikla for å gje barn språk og verktøy til å fortelje om det som er vanskeleg, det er eit førebyggjande arbeid mot vald og seksuelle overgrep.

Samlingane er lagt opp etter fem tema som alle er viktige trinn i utviklinga av språk og forståing som gjer det mogleg for barna å sei ifrå.

Tema i rekkjefølgje:

1. Berøringar
2. Kjensler
3. Mobbing
4. Kroppen
5. Hemmelegheiter

Vi har utarbeida ein arbeidsperm som alle barnehagane vil få etter at dei har hatt opplæring i Hjartesamling. Vi synast sjølv permene har blitt både innhaldsrik og ikkje minst veldig flott.



Til alle grunnskuleelevar i primært 6. trinn

Undervisningsopplegget Nok. bruker er helsefremjande og førebyggjande, det er kvalitetssikra og evaluert av Barneombodet og RVTS.

Undervisninga omfattar desse tema;

1. Gode og vonde berøringar
2. Gode og vonde hemmelegheiter
3. Kropp, sex og private områder
4. Seksuelle overgrep og incest
5. Porno, og kva ein kan oppleve på nett og sosiale media
6. Skilsmisse, rus, vald, psykisk sjukdom i heimen
7. Trygge vaksne
8. Å vere ein besteven

I 2023 var det 55 elevar som ønska samtale med oss etter undervisninga.

Vi har undervist 92 klassar i grunnskulen og nådd ut til ca. 1300 elevar.

På nokre av skulane har vi òg undervist lærarar og tilsette.

Våre mål for undervisninga:

- Bevisstgjere og styrke barn mot seksuelle overgrep, og andre vonde og vanskelege opplevingar i livet.
- Førebyggje og leggje til rette for å avdekke seksuelle overgrep og hjelpe utsette til å søkje hjelp.
- Forhindre potensielle overgripingar. Vi tek opp konsekvensane av grenseoverskridande åtferd ovanfor andre, undervisninga kan difor bidra til å skape gode haldningar i forhold til puberteten og utprøvande seksualitet i denne alderen.
- Heve kompetansenivået hos lærarar og andre som arbeidar med barn.
- Synleggjere for overgripingar at vi er ute på skulane og snakkar med barna.



Vi har avdekkja overgrep, forhindra overgrep, og gjort mange born betre rusta til å sette egne grenser og vite kva ein skal gjere dersom ein opplev vanskelege og vonde hendingar i livet. Mange barn har i etterkant av undervisninga ønska ein samtale med oss om vanskelege ting dei har opplevd innanfor denne problematikken eller andre vanskelege ting.



I 2023 har vi vore til 9 av dei 11 vidaregåande skulane i vår region og nådd ut til 1055 elevar.

Til russen i fylket og til vidaregåande skuleelevar

Russetida skal vere ei kjekk tid, og vi ønsker at all russ skal sitte att med gode minne frå denne tida. Diverre opplev vi kvart år å få inn personar som har opplevd valdtekt i russetida. Vi veit at 40% av alle valdtekter i Noreg er festrelaterte og blir utført av nokon ein kjenner. Kan vi gjere noko for å hindre at dette skal skje? Det hjelper i alle fall ikkje å sitte på gjerdet og vente, ein må snakke om det. Vi tilbyr oss å kome til skulane for å halde ein appell og vise ein video.

Vi har og utarbeida ein digital versjon av dette førebyggjande arbeidet som kan sendast til dei skulane vi evt ikkje når ut til fysisk.

Vi har og utarbeida eit opplegg til dei vidaregåande skulane som ikkje berre er til avgangselevane, men som skulane kan bestille til alle klassar. Vi ser at det er viktig å vere tidleg inne, og at fleire skular ønsker dette opplegget til elevane på 1.vgs. Dette opplegget tek blant anna føre seg tema som rus, grenser, påverknad frå porno, sunn og god seksualitet.

Til andre instansar

Mange yrkesgrupper, arbeidsplassar og utdanningsinstitusjonar ønskjer meir informasjon og undervisning om seksuelle overgrep og om senteret si verksemd. Vi ønskjer å bidra til auka kunnskap om overgrep, konsekvensar og seinskadar ein kan få, og tilbyr ulike føredrag om dette. Vi prøvar å skreddarsy opplegg slik at det skal bli mest mogleg matnyttig for dei som tek kontakt. Vi er fast inne på Høgskulen på Vestlandet og har heile undervisningsdagar til både sjukepleiarstudentar og lærarstudentar.



Tilbod til alle kjønn

Nok. Sogn og Fjordane er eit tilbod for alle kjønn. Det er viktig for oss å ha eit likeverdig tilbod til brukarar av alle kjønn. Tilbodet vårt inkluderer alle uansett kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk eller seksuell orientering. I vårt opplysningsarbeid prøver vi å synleggjere at vi gjev tilbod til alle kjønn.

At mange overgrepsutsette kjenner på ein høg terskel for å fortelje nokon om overgrep, er noko dei tilsette på sentera veit godt. Frykt for diskriminering kan gjere terskelen høgare. Fleire studiar viser at overgrepsutsette menn fryktar for å bli diskriminert når dei tek kontakt med hjelpetilbod for overgrepsutsette.

I 2023 var 23,3 % av brukarane menn. Tilsvarende tal for 2022 var 9,3%.

Vi har aldri tidlegare hatt ein så stor del mannlege brukarar. Den store auken ser vi i samanheng med den store auken i heilt nye brukarar, der vi og har nådd ut til menn med kven vi er og kva tilbod vi har.

Tilbod til brukarar med etnisk minoritetsbakgrunn

Nok. Sogn og Fjordane ser at menneske med etnisk minoritetsbakgrunn er ei viktig gruppe å nå med tilbodet vårt. Senteret har eit tilpassa tilbod som inkluderer alle uansett etnisk, kulturell eller religiøs tilhøyre. Eit tilpassa tilbod til fleirkulturelle inneber blant anna å forstå kulturelle kontekstar, å forebygge mot diskriminering og utadretta arbeid. Vi har dei fleste av våre brosjyrar på fleire språk. Desse kan du sjå [her](#). På nettsida kan du og lese om oss og våre tilbod på ulike språk. Om oss - Nok. Sogn og Fjordane

I 2023 har vi utarbeida eit opplegg til elevar som er på norskopplæring, dette har vi fått testa ut på to skular i Sogn og Fjordane som driv med vaksenopplæring og integrering. Tilbakemeldingane har vore positive.

Brukar-medverknad

Brukarmedverknad er viktig i arbeid med overgrepsproblematikk. Ein arbeidar mot å bli aktiv deltakar i eige liv, og finne eigenverd og integritet. Det å vere deltakande og klargjere eigen rolle er viktige moment i den enkelte brukar sitt arbeid vidare.

Det er viktig for senteret at brukarane er med å vise vegen vidare, og at brukarar og tilsette i fellesskap kan arbeide for eit best mogleg senter, og for førebygging av seksuelle overgrep mot barn.

Brukarrepresentant

Rolla til brukarrepresentanten er å vere brukarane sitt talerøyr, samarbeide med leiar og dei tilsette for å heile tida utvikle senteret på best mogleg måte, og vere brukarane sin representant i styret. Brukarrepresentanten skal vere tilgjengeleg for kontakt med brukarar ved senteret i tilfelle der brukarar ikkje ønskjer å ta direkte kontakt med leiar eller tilsette ved senteret.

Brukarrepresentanten til Nok. Sogn og Fjordane har vore aktivt deltakande på styremøte. Ho er tilgjengeleg og har lagt ut informasjon om brukarrepresentanten si rolle på heimesida vår. Brukarrepresentanten vår gjer ein utrueleg viktig jobb for senteret.



Lokale

Nok. Sogn og Fjordane leiger ein einestad i Hornnesvegen 1 i Førde, leigekostnaden har frå mai 2020 vore på kr 24 000 per måned. Bustaden ligg sentralt plassert i Førde i skjerma omgjevnader. Bygningen er frå 1974, hovudetasjen er ca. 135 m², og den delen av underetasjen vi disponerer er ca. 45 m². Det er ein stor opparbeida hage på 1000 m² som gjev oss mange moglegheiter til utandørs aktivitetar.

I hovudetasjen har vi 3 kontor/samtalerom, toalett, bad med wc, vaskerom, kjøkken og stor stove. Stova vert og nytta som kurslokale og er tilrettelagt med lerret og projektor. I kjellaren har vi ei kjellarstove som vert brukt til aktivitetsrom, møterom med videokonferanseutstyr, samt eit rom til massasjestol. Senteret er tilrettelagt for rullestolbrukarar.

Kompetanse

Fagkompetanse

Dei tilsette ved Nok. Sogn og Fjordane har alle høgare utdanning, og kompetansen senteret innehar er:

- Bachelor i yrkesfaglærer i helse- og sosialfag
- Fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar
- Fitness grunnkurs, kunnskap om blant anna anatomi, fysiologi, grunnleggjande treningslære, biomekanikk, samt fysisk aktivitet og helse.
- Førskulelærer med vidareutdanning i spesialpedagogikk
- Pedagogisk rettleiar
- Sosionom
- Administrasjon, leiing og organisasjon
- Helseleiing
- Hjelpeleiar
- Sjukepleiar

Kompetansehevande kurs i 2023

Vi har fagleg rettleiing frå RVTS Vest. I 2022 starta vi på eit kompetansehevingsprogram saman med Nok. Bergen og Nok. Sør-Vest. Programmet er i regi av RVTS Vest, er skreddarsydd for oss og skal gå over 2 år, hausten 2023 vart dette programmet avslutta. Kompetansehevinga er evaluert av dei tilsette som nyttig og lærerik. Etter avslutta program er det og einigheit mellom dei tre sentera i Vest og RVTS Vest om at vi vil halde fram med å møtast ein gong i året på ein to dagars samling.

Dagleg leiar deltek på leiarnettverk som arrangerast av Nok. Norge fire gongar årleg. Dei tilsette deltek på fagleg forum, saman med andre tilsette frå Nok. sentra, ca kvar 6 veke på Teams. Her vert det utveksla erfaringar, ulike tema vert diskutert og det er stor grad av kunnskapsdeling. Både kompetansehevingsprogrammet og Fagleg forum fører til tryggleik, auka fagkunnskap, kvalitetssikring, trivsel, større fellesskap og likheit mellom sentera.

Kurs og seminar/webinar:

- Webinar; Våre barn konferansen v/RVTS
- Webinar; Nasjonal konferanse om psykisk helse v/Modum Bad
- Webinar; Hvordan snakke med barn om porno v/Barnevakten
- Webinar; Nettverk for forebygging av vald og overgrep v/Statsforvaltaren, RVTS Vest, Korus, Norce, RKBU
- Webinar; Fagleg forum for tilsette på Nok sentra, tema i 2023:
 - o Presentasjon av oppgave om Meetoo
 - o Erfaringsutveksling av markering 19. november
 - o Livsmestringskurs
 - o Trust studien
- Landskonferansen; Snakk om det, nyanser om seksuell helse, v/Nok. Sør-Vest
- Kompetanseheving v/RVTS, tema i 2023:
 - o Møte med barn og unge
 - o Det krevjande møte
 - o Organisasjonskultur
 - o Korleis ta vare på oss sjølve
- Seminar om antidoping v/Antidoping Norge

I 2023 har vi hatt 168 foredrag/fagdagar/undervisningar for ulike instansar i fylket vårt. Vi har nådd ut til ca. 3763 personar.

Informasjonsarbeid



For oss er det viktig å drifte og gjere senteret og tenestene våre kjend i fylket, slik at vi når både brukarar og ulike hjelpeinstansar. Innsikt i overgrepssproblematikk, og ikkje minst auka kompetanse i korleis snakke med barn og vaksne om overgrep fremmar handlingskompetanse.

Vi opplever stor velvilje frå offentlege instansar i Sogn og Fjordane for å leggje til rette for at vi skal nå ut med budskapet vårt. Vi har i 2023 nådd ut til både barnehagar, grunnskular, vidaregåande skular, Høgskulen på Vestlandet og offentlege tenester. I tillegg har vi deltatt på lokale markeringar for både Pride og Verdsdagen for psykisk helse.

Statsforvaltaren i Vestland i samarbeid med Ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsforebygging (RVTS Vest), Regionalt kunnskapscenter for barn og unge (RKBU Vest) og Kompetansesenter for rus (KORUS Bergen) inviterte alle kommunar i Vestland fylke, hausten 2023, til eit læringsnettverk. Føremålet med nettverket er å auka kompetanse, dele erfaringar og gode døme på tvers av kommunegrensar og tenesteområde når det gjeld forebygging og handtering av vald og overgrep. Nok. Sogn og Fjordane og Nok. Bergen er og med i dette nettverket. Vi tenker at nettverket er eit viktig fora der vi kan bidra med vår spisskompetanse, det er og eit fora som kan føre til at fleire som jobbar rundt i kommunane kan bli betre kjend med oss og vårt arbeid.

Media

Media er viktig i arbeidet rundt openheit om seksuelle overgrep. Vi tenker det er viktig å gje både tematikken og brukarane våre ei stemme, enten det handlar om informasjon, debatt eller kommentere saker vi blir bedne om. I 2023 har vi vore 2 gonger i media.


Heimeside

Heimesida vår er viktig i marknadsføringa av senteret og for å spreie kunnskap om seksuelle overgrep og tilboda til Nok. Sogn og Fjordane. For fleire av brukarane våre er det eit alternativ å søkje informasjon på ein informativ, anonym og trygg måte.

Vi har felles nettside for alle Nok. sentera i Noreg, og eiga nettside for Nok. Sogn og Fjordane. Med dette håpar vi at fleire i målgruppa får kjennskap til tilboda vårt, tydeleggjere at det finnst tilsvarende tilboda over heile landet og betre landsdekkande kommunikasjon.

Facebook og Instagram

Nok. Sogn og Fjordane er også på Facebook, der har vi ca. 1800 følgjarar. På Instagram har vi 1550 følgjarar. Vi har fått 23 meldingar via chat på sosiale media i 2023.



Informasjonsmateriale

Vi er opptekne av at informasjonen som kjem frå Nok. Sogn og Fjordane skal vere god og informativ, både til brukarane og til samarbeidspartane. *Hovudbrosjyren* vår er sendt ut til alle kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane med oppmoding om å legge den tilgjengeleg på legekontor, helsestasjonar og andre aktuelle stadar.

Vi deler ut ei brosjyre «*Info til barn og unge*» til alle elevane etter at vi har undervist i grunnskulen. Denne oppsummerar delar av undervisninga, den har og fått nasjonal merksemd, noko vi sjølvsagt er stolte over.



Brosjyren «*Hovud, skulder, kne og..*», finst på 14 språk.

Målet med denne er å;

- Brosjyren skal vere eit verktøy til helse-jukepleiarane sin samtale med foreldre og barn om seksuell utvikling, kropp, grensar og seksuelle overgrep.
- Foreldre får eit verktøy til å snakke med sine barn om seksuell helse og grensar
- Gjennom dette ønsker vi og å styrke samarbeidet mellom helsestasjonane og landet sine Nok.-sentre
- Helsejukepleiarane skal vete at dei kan nytte seg av samarbeid, råd og støtte frå Nok. - sentera i oppfølging av vanskelege saker.

Alle våre brosjyrrar og anna informasjonsmateriale kan lastast ned frå heimesida vår: [Brosjyrrar - Nok. Sogn og Fjordane \(noksognogfjordane.no\)](https://noksognogfjordane.no)

Samarbeid

Tilboda våre skal vere eit supplement til hjelpeapparatet. Som eit resultat av aktiv oppsøkande verksemd med informasjon, undervisning og rettleiing, ser vi at det er fleire i hjelpeapparatet som aktivt brukar oss. Vi ser og at det er fleire brukarar som tek kontakt etter anbefaling frå ulike hjelpeinstansar.

Samarbeid med kommunar

Nok. Sogn og Fjordane har eit godt samarbeid med vertskommunen Sunnfjord. Vi er implementert som ein del av tenestetilboda kommunen har og vi er med i den kommunale handlingsplanen mot vald i nære relasjonar som vertskommunen har utarbeida.

Vi samarbeider også med alle bidragskommunane:

- I mange av kommunane ligg vi inne på heimesida som ein del av tenestetilbodet til innbyggjarane.
- Vi samarbeider med alle grunnskulane og helsestasjonane i bidragskommunane i fylket om førebyggjande arbeid.
- Vi har inngått samarbeid med barnehage-sektoren i nokre av kommunane i fylket, målet er å inngå eit slikt samarbeid med alle kommunane.
- På førespurnad held vi ulike føredrag ut i kommunane.

Samarbeid på fylkesnivå

Dei to sentera som høyrer til i fylket vårt, Nok. Bergen og Nok. Sogn og Fjordane, ligg under Kultur og folkehelse i Vestland fylkeskommune. Vi har god dialog og opplev at fylkeskommunen ser nytta av arbeidet vi gjer og kompetansen vi har.

Samarbeid med RVTS og helseføretak

RVTS Vest er ein viktig samarbeidspart på fagleg og overordna nivå for oss. Sanne Bach er vår kontaktperson i RVTS Vest. Vi kjenner at det er ein tryggleik at arbeidet vi gjer vert kvalitetssikra på fleire nivå. Vi ser og at vår kompetanse om RVTS Vest sin funksjon er nyttig for andre i hjelpeapparatet som vi treff. Vi deler denne kompetansen og formidlar kontakt vidare om naudsynt.

Nok. Sogn og Fjordane tek i mot midlar frå Helse Vest. Midlane blir disponert i samsvar med våre retningslinjer og vedtekter, og vert gitt for å støtte oss som eit brukarorientert tilbod. Brukarmedverknad og sjølvhjelp er viktige nøkkelord for organiseringa vår.

Samarbeid med andre

Vi opplever at det er eit gjensidig nytte-forhold for einskilde brukarar at vi samarbeider med ulike instansar.

- Vi har etablert samarbeid med advokat Bente Hermansen, som gjev gratis juridisk rettleiing til brukarane våre på senteret.
- Vi har samarbeid med overgrepsmottaket i Sogn og Fjordane, og ser det som viktig at vi har kunnskap om kvarandre og tilboda våre. Overgrepsmottaket har som fast prosedyre å informere om senteret, og dei gjev tilbod til sine pasientar om å formidle kontakt med oss.
- Vi har samarbeidd med Støttesenter for kriminalitetsutsatte. Dei kan bistå både tilsette og brukarar i spørsmål om rettsprosess, melding og valdsoffererstatning.



- Vi har fram til sommaren 2023 hatt samarbeid med sexolog Kjellaug Fredly, ho har kome til senteret og tilbydd samtalar med brukarar som ønsker det. Seksualitet kan for mange som har opplevd overgrep by på utfordringar.
- Vi har eit godt og tett samarbeid med alle helsestasjonane i alle våre samarbeidskommunar, og spesielt med alle helsesjukepleiarane som jobbar i skulehelsetenesta. Dei er med oss på alle undervisningar som vi har i grunnskulen, og er bindeleddet mellom senteret og alle skulane.
- Vi har også eit tett samarbeid med skulesektoren i alle samarbeidskommunane grunna det førebyggjande arbeidet vi har i grunnskulen.
- Vi har samarbeid med Statens Barnehus, som er ein viktig rådgjevande instans for oss både i einskildsaker og på generelt grunnlag.
- Vi har samarbeid med TOO-teamet (Tortur-overgrep og odontofobi) i fylket. TOO-teamet er eit tannhelsetilbod til hjelp for å kunne mestre vanleg tannbehandling.
- Vi har samarbeidsavtale med Vestland Idrettskrets saman med Nok. Bergen. Samarbeidet går på å styrke det førebyggjande arbeidet i idretten blant anna ved å gjennomføre kurset «Trygg på trening» i idrettslag. Idrettslaga skal og vere trygg på at dei kan kontakte sentera i samband med faglege spørsmål, og at vi kan bidra som rådgivande instans
- Vi har samarbeid med einskilde psykologar, fast legar, DPS og psykomotorisk fysioterapeut.
- Elles har vi også samarbeid med nokre av miljøkoordinatorane på dei vidaregåande skulane, politi, Konfliktrådet Vest, utekon-takten i Sunnfjord kommune, SLT team (Samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak) og andre lokale organisasjonar.

Årsmelding frå styret Nok. Sogn og Fjordane for 2023

1. Verksemda si art og lokalisering

Nok. Sogn og Fjordane er ein stifting som har som føremål og gje hjelp til sjølvhjelp for menneske utsett for seksuelle overgrep og deira pårørande.

Vidare har stiftelsen som føremål å kjempe mot og førebyggje seksuelle overgrep, formidle kunnskap om seksuelle overgrep og dei utsette sin situasjon. Stiftinga drivast frå hovudkontor i Førde i Sunnfjord kommune.

2. Fortsett drift

Styret og dagleg leiar meiner det er riktig å leggje føresetnaden for framleis drift av stiftinga til grunn ved framlegginga av årsrekneskapen. Styret har hatt 4 møter i 2023.

3. Disponering av stiftinga sin kapital

Styret sin oppfatning er at det framlagde resultatrekneskap og balanse gjev tilstrekkeleg informasjon om drifta og stillinga for stiftinga. Styret har ikkje kjennskap til forhold i utgangen av rekneskapsåret som vil ha noko å seie for bedømminga av årsrekneskapen og stiftinga si stilling.

4. Arbeidsmiljø

Senteret har stort fokus på arbeidsmiljø og vektlegg tilgjengelegheit, samhandling og vidareutvikling både fagleg og personleg. Vi har fagleg rettleiing frå RVTS Vest. I 2022 starta vi på eit kompetansehevingsprogram som skal gå over 2 år saman med Nok. Bergen og Nok. Sør-Vest i regi av RVTS Vest. Kompetansehevinga vart avslutta i 2023, men skal halde fram med ein felles samling i året.

Legemeldt sjukefråværet i 2023 har vore 0,5%.


5. Ytre miljø

Stiftinga forureinar ikkje det ytre miljøet.


6. Kvinneandelar

Styret har 40 % kvinneandel. Alle dei tilsette er kvinner.


Førde, 26.02.24




KURT EVEN ANDERSEN
Styreleiar




FRODE KYRKJEBØ
Styremedlem




TRUDE LUNDEKVAM
Styremedlem



INGE NORDHAUG
Styremedlem



GRO ANITA SOLHEIM
Styremedlem



Revisjonserklæring og årsrekneskap

pr 31.12.23



Resultatregnskap

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2023	2022
Inntekter - tilskudd	1	4 869 670	4 633 256
Sum driftsinntekter		4 869 670	4 633 256
Lønnskostnad	3	3 625 964	3 318 268
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	4	40 000	3 333
Annen driftskostnad		1 163 617	1 366 902
Sum driftskostnader		4 829 581	4 688 503
Driftsresultat		40 089	-55 247
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		13 919	4 396
Annen rentekostnad		357	661
Resultat av finansposter		13 562	3 735
Resultat før skattekostnad		53 651	-51 513
Årsresultat		53 651	-51 513
Overføringer			
Avsatt til annen egenkapital	5	53 651	0
Overført fra annen egenkapital	5	0	51 513
Sum overføringer		53 651	-51 513


Balanse

Eiendeler	Note	2023	2022
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	4	156 667	196 667
Sum varige driftsmidler	4	156 667	196 667
Sum anleggsmidler		156 667	196 667
Omløpsmidler			
Fordringer			
Bankinnskudd, kontanter o.l			
Bankinnskudd, kontanter o.l.		1 227 118	911 711
Sum bankinnskudd, kontanter o.l		1 227 118	911 711
Sum omløpsmidler		1 227 118	911 711
Sum eiendeler		1 383 784	1 108 378


Balanse


Egenkapital og gjeld	Note	2023	2022
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Grunnkapital	5	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		<u>100 000</u>	<u>100 000</u>
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	5	425 249	371 598
Sum opptjent egenkapital		<u>425 249</u>	<u>371 598</u>
Sum egenkapital		<u>525 249</u>	<u>471 598</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		229 240	111 927
Skyldig offentlige avgifter		314 503	222 566
Annen kortsiktig gjeld		314 792	302 287
Sum kortsiktig gjeld		<u>858 536</u>	<u>636 780</u>
Sum gjeld		<u>858 536</u>	<u>636 780</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>1 383 784</u>	<u>1 108 378</u>


Førde, 26.1.2024
Styret i Nok. Sogn Og Fjordane



Kurt Even Andersen
styreleder


Inge Arnt Nordhaug
styremedlem


Gro Anita Solheim
styremedlem


Trude Merete Lundekvam
styremedlem


Frode Kyrkjebø
styremedlem


Chatrine Elholm
daglig leder

Noter til regnskapet 2023

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapskikk for små foretak. Årsregnskapet er avlagt under forutsetningen om fortsatt drift.

Inntekter

Offentlige tilskudd inntektsføres i henhold til tilsagn og fordeles jevnt over året. Andre inntekter resultatføres når de er opptjent som normalt vil være på leveringstidspunktet.

Klassifisering og vurdering av balanseposter

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter balansedagen, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og antatt virkelig verdi. Fordringer klassifiseres som omløpsmidler hvis de skal tilbakebetales i løpet av ett år. For gjeld er analoge kriterier lagt til grunn. Første års avdrag på langsiktige fordringer og langsiktig gjeld klassifiseres likevel ikke som omløpsmiddel og kortsiktig gjeld. Enkelte poster er vurdert etter andre regler. Postene det gjelder vil være blant de postene som omhandles nedenfor.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives lineært til restverdi over driftsmidlenes forventede utnyttbare levetid. Vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende. Påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

Utgifter til leie av driftsmidler kostnadsføres. Forskuddsbetalinger balanseføres som forskuddsbetalt kostnad, og fordeles over leieperioden.

Nedskrivning av anleggsmidler

Ved indikasjon på at balanseført verdi av et anleggsmiddel er høyere enn virkelig verdi, foretas det test for verdifall. Tidligere nedskrivninger, med unntak for nedskrivning av goodwill, reverseres hvis grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning for tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige kundefordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Pensjoner

Premier til innskuddsbasert pensjonsordning organisert gjennom livsforsikringsselskap kostnadsføres den perioden innskuddet gjelder og inngår blant lønnskostnader i resultatregnskapet. Pensjonsforpliktelser knyttet til AFP-ordning for selskapets ansatte balanseføres ikke. Forpliktelser eller pensjonsmidler knyttet til kollektiv forsikret pensjonsordning balanseføres ikke.

Noter til regnskapet 2023

Note 1 - Mottatt tilskudd

Tilskudd fra Buf-dir	-3 895 640
Tilskudd fra Helse Vest	-110 000
Tilskudd fra kommuner	-701 199
Tilskudd fra Vestland Fylke	-162 831
Sum tilskudd	-4 869 670

Note 2 Mottatte gavemidler

Ingen mottatte gaver i 2023

Note 3 Lønnskostnader, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm

Lønnskostnader	2023	2022
Lønninger	2 876 192	2 770 486
Arbeidsgiveravgift	330 545	313 447
Pensjonskostnader	186 937	181 326
Andre ytelser	232 291	53 008
Sum	3 625 964	3 318 268

Gjennomsnittlig antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret	4	4
---	---	---

Note 4 Anleggsmidler

	Driftsløsøre, inventar ol.	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.23	300 000	300 000
= Anskaffelseskost 31.12.23	300 000	300 000
Akkumulerte avskrivninger 31.12.23	143 333	143 333
= Bokført verdi 31.12.23	156 667	156 667
Årets ordinære avskrivninger	40 000	40 000
Økonomisk levetid	3-5 år	

Note 5 Egenkapital

	Grunnkapital	Annen egenkapital	Sum egenkapital
Pr. 01.01	100 000	371 598	471 598
Årets resultat		53 651	53 651
Pr 31.12	100 000	425 249	525 249



Uavhengig revisors beretning

Til styret i Nok. Sogn og Fjordane

Uttalelse om årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet til Nok. Sogn og Fjordane.

Årsregnskapet består av:	Etter vår mening:
<ul style="list-style-type: none">Balanse per 31. desember 2023Resultatregnskap for 2023Noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.	<ul style="list-style-type: none">Oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, ogGir årsregnskapet et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2023, og av dens resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet. Vi er uavhengige av stiftelsen i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til:

<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttalelse om andre lovmessige krav

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

BDO AS

Henning Rødal
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Nok.

Sogn og
Fjordane

Kompetansesenter
mot **seksuelle** overgrep



Her finn du oss

Hornnesvegen 1, 6809 Førde


Tlf: 57 72 10 70

post@noksognogfjordane.no

www.noksognogfjordane.no

Følg oss på Facebook og Instagram

 @noksognogfjordane

 @nok.sognogfjordane



Hjelpetelefonen for
seksuelt misbrukte

800 57 000

Alarmtelefon
for barn og unge

116 111